Utbyggingsområde ved Hovatn må videreføres i ny kommuneplan fordi det ligger i bygdeutviklingssonen der forholdet til villrein allerede er avklart. På grunn av ny 420 kW ledning som går gjennom området vil det bli et mindre antall hytter enn det som hadde vært mulig før ledningen kom.

Det er snakk om maks 3-4 nye tomter. Området er ikke utsatt for naturfare og man har mulighet for å etablere vinterparkering på egen grunn på Lidtveit. Det bør dessuten være en fordel at nye hytter i fjellet blir etablert samlet og at det lages reguleringsplan før utbygging enn at man skal gi dispensasjon fra LNF-formålet spredt tilfeldig rundt.

Det å ha dette området i kommuneplanen kan heller ikke sies å være en ulempe for noen.

#### Klausulering – drikkevann rundt Åraksbø vassverk

Både del av gnr. 21, bnr. 1 og del av gnr. 30, bnr. 2 er foreslått klausulert som nedslagsfelt for drikkevann.

Dette er et stort område som er klausulert og bestemmelser og retningslinjer som er knyttet til klausuleringen legger store restriksjoner for bruken av eiendommer i nedslagsfeltet.

Grunneier har heller ikke fått informasjon om klausuleringen og vi mener det er urimelig at kommunen kan påføre denne type klausuleringer uten at man som grunneier har fått tilstrekkelig informasjon om hva dette konkret innebærer. Før kommunen påfører så inngripende klausuleringer må grunneiere få konkret informasjon ved at det gjennomføres dialog som for eksempel grunneiermøte.

Grunneier tar gjerne et separat møte om dette er mest hensiktsmessig, men da med de grunneiere som er berørt av dette tiltaket.

Gnr. 30, bnr. 2 - Haugemonen – framtidig hytteområde med krav om plan videreføres for tomtene gnr. 30, bnr. 13 og bnr. 19.



Det er tidligere kommuneplanprosessen spilt inn at Gnr. 30, bnr. 2 Haugemonen ønskes tilbakeført til LNF-område. I forslag til ny kommuneplan som nå er ute på høring er Haugemonen blitt LNF-område, med unntak av de to hyttetomtene gnr. 30, bnr. 13 og bnr. 19, som er endret fra hyttetomter med krav om reguleringsplan før videre utbygging til eksisterende hyttetomter der det er tillatt en utnyttelse av tomten med BYA 150 m<sup>2</sup>, maks mønehøyde 6 meter og maks gesims høyde 4 meter osv.

I dette området er ikke vannforsyning, avløpsanlegg, veganlegg eller fremføring av strøm og fiber avklart, det i seg selv tilsier reguleringsplan. Tomtene har veirett, men veirettene er ikke klart fastlagt eller koordinatfestet, og det er heller ikke bygget bilveg til hyttene.

For å ivareta begge parter både grunneier som har et landbruksfaglig behov og ønske om å bruke området til landbruksdrift, for og hytteiere må gnr. 30, bnr. 13 og bnr. 19 endres tilbake til område for hyttebygging med krav om reguleringsplan før videre utbygging. Dagens arealformål og bestemmelser for gnr. 30, bnr. 13 og bnr. 19 må bli videreført. Alternativt må hyttetomtene også tilbakeføres til LNF-område.

Det er en pågående byggesak vedrørende en av disse hyttetomtene, denne er omfattende, uenigheten er betydelig og berører flere aspekter som gir avklaring i en reguleringsplan, og saken ligger i skrivende stund hos statsforvalteren.

Dette indikerer også at reguleringsplan er et nødvendig virkemiddel her.

**Oppsummert:**

- 1) Fremtidig hytteområde på gnr. 21, bnr. 1 ved Hovatn videreføres i ny kommuneplan. Fjerning av utbyggingsområde for hyttefelt kan ikke vedtas fjernet uten at det har vært informasjon og dialog med berørte grunneiere. Denne dialogen må synliggjøre en klart større fordel ved å ta det bort eller å la det være som det er idag.
- 2) Klausulering nedslagsfelt drikkevann på gnr. 21, bnr. 1 og gnr. 30, bnr. 2 kan ikke vedtas uten at det har vært informasjon og dialog med berørte grunneiere, der grunneier gis anledning til å kommentere inngrepet konkret.
- 3) Gnr. 30, bnr. 13 og bnr. 19 videreføres som framtidig hytteområde med krav om reguleringsplan før videre utbygging, alternativt tilbakeføres til LNF-område for å ivareta landbruksinteressene i området.

Det er en generell oppfatning at Bygland kommune har vist liten evne til informasjon og dialog med grunneiere i denne planporsesse. Det må informeres bedre og holdes folkemøte om relevante temaer før planen vedtas slik at grunneiere har god innsikt og informasjon om hva forslag til ny kommuneplan innebærer.

Med hilsen

Sokndal, 02.05.2025

Brian Skjefrås  
Advokat  
(sign)

Bygland kommune  
[post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Vedr. sak 20-273 – 2. gongs handsaming av Arealplanen i kommunen.**

Underteikna er privat eigar av tomt gnr 15 bnr 168 som ligg i området C4 i planen.

Tomta har framlagt privat avlaup, kommunalt vatn og straum frå Agder Energi. Tomta vart kjøpt i 2024 etter at me hadde fått avslag på å sette oss opp ei hytte på ei anna tomt i området pga flaumsituasjonen.

Denne tomta kan brukast til kun:

1. Utleiehytte på inntil 120 m2 eller
2. «Husvogn».

Eg har planar om å setje opp ei husvogn som er 84 m2 for familien fordi dette ikkje vert råka av byggehøgden som var vedtekne.

Kva situasjonen blir no er uvisst? Vil ein fortsatt kunne bruke den til dette eller må ein søkje dispensasjon hvis kommunens forslag blir vedteke?

Ei ny husvogn kostar frå rundt 800.000-1.200.000 kr og kan koplast til strøm, vatn og avløp og er likevel flyttbar då dei er på hjul dei fleste. Dette kunne vere eit greit alternativ i dei låge områda i C4.

Støtter derfor advokat Harris AS sitt innspill.

Mvh  
Knut William Bygland  
Eigar av 15/168

Fossekompaniet AS – org.nr. 997 638 565  
v/styrets Knut William Bygland  
Nesmoen 4  
4745 Bygland  
02.05.2025

Bygland kommune  
[post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Vedr. sak 20-273 – 2. gongs handsaming av Arealplanen i kommunen.**

**Kommentarar til nr 41,44, 83.**

Fossekompaniet AS er eigar av gnr 15 bnr 30 som var hoveideigedomen alle tomtene i reguleringsområdet vart utskilt ifrå etter at eg kjøpte eigedomen i 2002. I dag eig dette selskapet bare infrastrukturen (vegar, friområder og 2 renseanlegg mm). Renseanlegga mine er bygd ut for å betjene alle tomtene i planen, slik også kommunen har lagt fram kommunalt vatn til alle tomtene. Det same har Agder Energi gjort med omsyn til straum – alle tomtene har fått framlagt straum.

Reguleringsplanen og vann- og avløpsplan har eg også sjølv utarbeidd – også med seinare endringar.

**Innspel vedr. Flaumhøgde 206,73:**

- På side 197 (vedlagt) i Norconsultrapporten står det fylgjande:

**«Sluseanlegget styres manuelt og er bare åpent på sommeren når turistbåten Bjoren skal passere»**

og så vidare pga dette:

**«Flomsonekartleggingen forutsetter at slusene er stengt»**

Som gamal slusevakt for Bjoren, vil eg her sei at situasjonen er snudd på hovudet av Norconsult AS. Slusene skal vere permanent åpne i perioden 2.9.-31. mai og det er bare om sumaren ein kan stenge dei for normal slusebruk jfr vedlagte avtale mellom Otteraaen Brugseierforening/driftssentralen til KEV. Dette er i eit tid som sjanse for flaum er liten og sjølv om det skulle bli flaum så skal OB varsle ved vassføring over 200 m3/sek og kommunen skal ha beredskap og folk til å åpne.

I avtalen med OB (vedlagt) står fylgjande:

**«Bygland kommune har ansvaret for eventuelle skader pga. ekstra oppstuvning dersom slusene ikke står åpne ved stor vannføring»**

Kommunen kan ikkje fri seg frå ansvaret her ved å bare legge på 60 cm på flomhøgda. Er forhåpentlegvis ikkje tilsikta, og det ser meir ut som at ikkje Norconsult AS kjende til denne avtalen ved utreikninga eller heilt skjøna korleis slusene verkar. Det har vist seg at avtalen med OB ifrå 1998 har vore ukjend for mange både i administrasjon og blant politikarane i ettertid. Der har jo vore stor utskiftning i bae ledd så det har si forklaring.

1. Ein ber konkret om at kommunen tek ein snarleg gjennomgong med Norconsult AS om dette og rettar opp eventuelle feil/mistydingar. Dette har store økonomiske konsekvensar.

**2. Ein ber om å få oversendt driftstillatelsen som NVE gav kommunen i 1992 iht Vassdragslova.**

I vårt siste møte med bl.a. ordfører og kommunedirektør om reguleringsplanen på Reiårsfossen Camp, vart det frå kommunedirektøren uttrykt tvil om kommunen hadde mannskap til å oppretthalde avtalen med Otteraaen Brugseierforening. Likeins vart tekniske problem nemnd med å åpne slusene som kanskje er grunnen til at ikkje slusene blir i bruk i sumar.

Minner om at på siste befarig på Storstraum med NVE 14.-16- august 2022 i samband med revisjon av konsesjonen herunder manøvreringsreglementet, opplyste kommunen at dersom ein i ein gjeven situasjon ikkje fekk åpne slusene ved ein flomsituasjon, så ville dei bli sprengde. Men er der vilje til å trykke på den knappen?

*Slik ein ser det er det feil premisser Norconsult AS har hatt når dei tar utgangspunkt i stengde sluser ved flaum.*

*Og uansett kan ikkje kommunens eventuelle manglande oppfylgjing av avtalen med OB, vere grunn for høgare flaumhøgder.*

*I så fall kan der vel ikkje vere grunnlag for den driftstillatelsen NVE har gjeve fro drift av dei nye slusene. Prisen for denne driftstillatelsen kan sjå ut til å bli ganske høg for alle i reguleringsområdet hos oss, sjølv om vi er sers glade i turar med Bjoren og set pris på at den går til Ose.*

Støttar elles innspelet frå Advokatfirmaet Harris AS om å behalde planen, men heller bake inn byggehøgder i føresegnene i kommuneplanen og sei at dei gjeld over det som står i reguleringsplanen.

Mvh


Fossekompaniet AS  
Knut William Bygland

### 3.2 Storstraumen sluseanlegg


Storstraumen skiller Åraksfjorden og Byglandsfjorden, og består av et smalt sund og et sluseanlegg. Både sluseanlegget og sundet krysses av to bruer (Bilag 3). Sluseanlegget styres manuelt og er bare åpent på sommeren når turistbåten Bjorden skal passere. Et oversiktskart over Storstraumen er vist i Figur 10.

- Flomsonekartleggingen forutsetter at slusene er stengt.

Det naturlige sundet i Storstraumen blir styrende for vannivået i Åraksfjorden, og er av den grunn kartlagt i forbindelse med denne flomsonekartleggingen. Kartleggingen er utført av selskapet Styvehavn som benytter båt med multistrale ekkolodd. Det gir detaljerte resultater og et utsnitt av oppmålt kanal er vist i Figur 11.



Figur 10 Kart over Storstraumen sluseanlegg.



Figur 11 Utsnitt for bunnkartlegging gjort i Storstraumen mellom Åraksfjorden og Byglandsfjorden.

Tele-  
faxTil/To Oddvar Omnes 3793 5228Fra/From Dagfinn JensenDato/Date 3/3-00 Ant. sider/No. of pages 2

Post-it Kontorformularer

3M/Best. nr. 7669

Bygland Kommune

.4684 Bygland

**Slusene**OTTERAAENS  
BRUGSEIERFORENING

Intern kopi: GTJ, VJA, Driftssentralen og Torgeir Lund

DERES REF:

S Å Fossdal, V Frøysnes,  
T Moseid

DERES BREV AV:

VÅR REF:

98/000043-531-BKB9

11.09.98

**Slusene i Storestraumen, Byglandsfjord. Referat fra møte 7.09.98.**

Deltakere: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune (BK)  
 Vidar Frøysnes, BK  
 Torgeir Moseid, BK  
 Bernt Blindheim, Otteraaens Brugsierforening (OB)

1. Historikk. Slusene ble opprinnelig bygget midt på 1800-tallet. Dette var før vassdragslovens tid og det forelå derfor ingen konsesjon/tillatelse. Etter at båttrafikken på fjorden opphørte ble slusene ikke vedlikeholdt og i løpet av 1960 og 70-tallet var de praktisk talt råtnet bort.
2. De nye slusene ble restaurert/bygget i ca. 1992. Tillatelse ble gitt og saksbehandling ble gjennomført i henhold til Vassdragsloven. Prosessen inkluderte høring etc. Bygland kommune har fått formell tillatelse fra NVE til å bygge og drive slusene. Inkludert i betingelsene for driften er at slusene skal stå åpne når vannføringen i Otra (egentlig målt ved dammen på Byglandsfjord) overstiger 200 m<sup>3</sup>/s. Bygland kommune har ansvaret for eventuelle skader pga. ekstra oppstuvning dersom slusene ikke står åpne ved stor vannføring.
- Under planleggingen ble det utført matematiske beregninger for slusenes effekt på oppstuvningen i Storestraumen. Ekstra oppstuvning med stengte sluser og Q = 1000 m<sup>3</sup>/s er beregnet til ca. 60 cm. OB ber om å få oversendt utdrag av beregningene.
3. Vannføring. Bygland kommune har ingen mulighet for selv å måle vannføringen i Otra. De er derfor avhengige av varsling fra OB når vannføringen overstiger eller forventes å overstige 200 m<sup>3</sup>/s.
4. Varsling. Det var enighet om følgende:

Slusene benyttes kun i perioden 1. juni til 1. September. Dvs; - i perioden 2. September til 31. Mai har altså Bygland kommune ansvar for at slusene står åpne og det er ikke behov for varsling/beredskap i denne perioden.

1. juni → 1. sept

Torgeir Moseid 03793 4240

I perioden 1. Juni til 1. September vil OB (i praksis KEVs driftssentral) etter beste evne varsle Bygland kommune når vannføringen overstiger eller med stor sannsynlighet forventes å overstige 200 m<sup>3</sup>/s. Bygland kommune har da ansvar for å åpne slusene. Beredskapen internt i Bygland kommune vil bli basert på samme mannskap som for brannberedskapen. Intern opplæring i manøvrering av slusene vil bli gjennomført før neste sesong.

Varsling i arbeidstiden: 37 93 52 00.

Varsling ellers: 110.

5. Dersom Bygland kommune ønsker å koordinere «åpning av slusene etter sesongen» (ca. 1. Sept.) med en passende vannføring tas det direkte kontakt med KEVs driftssentral for koordinering/samarbeid.

Hilsen

  
Bernt Blindheim

Bygland kommune

4745 BYGLAND

**Vår dato:** 08.05.2025

**Vår ref.:** 201902682-26 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 2020/273

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs uttale - 2. gongs høyring - Kommuneplanen sin arealdel 2025 - 2036 - Bygland kommune**

Vi viser til brev datert 19.03.2025. Saka gjeld 2. gongs høyring - Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2025–2036, Bygland kommune. NVE har fått utsett frist til 09.05.2025.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde stork (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs uttale**

NVE ga uttale til 1. gongs høyring til KPA for Bygland i brev datert 01.09.2023. Etter det vi kan sjå har kommunen tatt inn våre innspel i planendringa. Som det står i oversendingsbrevet er det endringane i plandokumenta etter 1. gongs høyring det kan gis uttale til no.

#### *Plankrav i LNF-område - Korleis unngå plankrav til mindre tiltak (punkt 76 i tabell)*

I LNF-spreidd-område blir det opna for direkte utbygging. Etter KDDs rundskriv H-5/18 skal naturfare vere avklart på siste plannivå. LNF-spreidd-område må difor leggst utanom aktsemd- eller fareområde for flaum og skred, og dette må gå tydeleg fram av føresegnene, slik Bygland kommune har gjort i føresegn 2.2 og 3.4.2.



I føresegn 2.2 *Unntak frå plankrav*, står det: «*Unntak frå plankrav gjeld ikkje innanfor omsynssone H310 og H320.*» Og i føresegn 3.4.2 *LNf-areal med spreidd bustad*, bokstav e står det: *Unntak frå plankrav gjeld ikkje innanfor omsynssone H310 og H320.*

NVEs innspel til føresegnane er at S1-og F1-tiltak ikkje er tiltak av nasjonal eller vesentleg regional interesse. For vår del er det difor ikkje viktig med plankrav i aktsemdområde for denne type tiltak.

For å unngå plankrav for mindre tiltak når skadepotensiale er lite eller faren på ein enkel måte kan avklarast, har vi **fagleg råd** om at kommunen kan vurdere å presisere at det kan givast unntak frå plankrav i omsynssoner H310 og H320 for tiltak i sikkerheitskategori S1 og F1, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3, samt eit utval av bokstavane a-n i pbl. § 20-1 (tiltak som omfattast av byggesaksdelen). Krav til sikkerheit for F1- og S1-tiltak må likevel dokumenterast innafor omsynssoner for naturfare.

#### *Flaumfare – omsynssone flaum (punkt 41 i tabell med endringar)*

De har tatt inn våre innspel frå 1. gongs høyring til KPA, og vi gir her eit **fagleg råd** om presisering av føresegna.

Det er no skilt mellom område som er utgreidd for flaum og område som er basert på NVEs aktsemdkart for flaum.

Det bør gå tydeleg fram at krav om utgreiing av flaumfare gjeld i område som ikkje er kartlagt for flaum, og basert på aktsemdkartet (punkt a), og at omsynssona som det visast til i bokstav c gjeld kart 4 og H320\_akt.

#### *Skredfare – omsynssone skred (punkt 42 i tabell med endringar)*

De har tatt inn våre innspel frå 1. gongs høyring til KPA, og vi gir her eit **fagleg råd** om presisering av føresegna.

Det er no skilt mellom område som er utgreidd for skred og område som er basert på NVEs aktsemdkart for skred.

Det bør gå tydeleg fram at krav om utgreiing av skredfare gjeld i område som ikkje er skredfarekartlagt (punkt b og c), og at omsynssona som det visast til i bokstav d gjeld kart 2 og 3.

For områderegulering for Ose bygdesenter er det ikkje krav om utgreiing av skredfare, og det kan byggast i samsvar med faresonene i plankartet.

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

### **Meld inn naturfareutgreiingar**

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og](#)



[naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiningar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Bygland kommune

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTEREN I AGDER



BYGLAND KOMMUNE

Saksbehandler, innvalgstelefon

Janne Thygesen, 37 01 75 93

Sentrum 18

4745 BYGLAND

## Uttale til 2. gongs høyring av forslag til kommuneplanens arealdel 2025 - 2036 i Bygland kommune

Vi syner til brev dagsett 19.03.2025 frå Bygland kommune, med vedtak om å leggje forslag til kommuneplanens arealdel ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Forslag til revidert arealdel ble lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn 07.07.2023, og vi uttalte oss til dette i brev av 21.09.2023.

### Bakgrunn

I vår uttale av 21.09.2023 til første gongs offentleg ettersyn av arealdelen retta vi stor skryt til Bygland kommune for «planvasken» kommunen hadde gjennomført, mellom anna ved å ta ut store områder satt av til fritidsbustadar i tidlegare kommuneplan. Samstundes hadde vi merknadar til einskilde områder i konflikt med nasjonale mål om ivaretaking av landbruksjord og fremma motsegn til planforslaget områder KBA01, B03, B04 og B05. Motsegna vart løyst i dialogmøte og meklingsmøte og er innarbeida i det nye planforslaget. Det nye planforslaget inneheld hovudsakeleg justeringar og endringar av plankart og føresegn, og ingen nye arealinnspel.

### Innspel frå Statsforvalteren

I det store og heile vurderer Statsforvalteren at det er gjort ein god jobb med planforslaget. Vi har i det følgande likevel nokre merknader og faglege råd til nokre av endringane:

#### Byggegrense og kantvegetasjon langs vassdrag

Føresegn for byggegrense langs vassdrag er føreslått endra slik:

- Nord for Ose bru frå 50 til 30 meter



- Sør for Ose bru frå 75 til 50 meter
- For bekkar frå 30 til 10 meter

Det er også føreslått lagt inn i føresegnene at (2.6.1 c.) at «*Kantvegetasjon langs vassdrag skal tas i vare jf. vassressurslova § 11, med min. breidde 10 m.*»

Som fylkeskommunen peiker på i brev av 23.04.2025 skal byggjegrensa si breidde vurderast etter ein konkret vurdering ut frå vassdraget si karakter og de interessene som skal takast i vare. Det er vanskeleg å sjå om kommunen har gjort ein konkret vurdering i dette tilfellet for å sikre ivaretaking av verdiane. Statsforvaltaren meiner det er uheldig at en har satt ein generell byggjegrense «for bekkar» til 10 meter. Vår faglege vurdering er at dette i nokre høve – til dømes der det er flaumfare – kan vere for smalt. Vi syner her til NVEs retningslinje 2/2011 om flaum og skredfare i arealplanar, der det mellom anna står følgande (på side 26):

*«Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50–100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensiell flaumfare. Med bekkar meinast her vassløp med oppstraums nedslagsfelt mindre enn om lag 20 km<sup>2</sup>. På flate elve- og bekkesletter vil flaumen ha større utstrekning. For slike sletter bør område som ligg lågare enn den estimerte, maksimale vasstigninga avmerkast som aktsemdsområde. Aktsemdsområda kan reduserast i utstrekning der terrenget tilseier at flaumvatnet vil omfatte mindre areal, og der det er gjennomført flaumsikring.»*

På bakgrunn av ovannemnde gir Statsforvaltaren **fagleg råd** om at ein primært behaldar føresegnene som var på 1. offentleg ettersyn, der det er satt byggjegrense 30 meter «til andre/mindre vassdrag/bekker». Sekundært ber vi om at kommunen setter ei byggjegrense til bekker på minimum 20 meter på kvar side av bekken.

Vidare vil vi peike på at der er uklårt ut frå føreslegne føresegner kva som reknast som bekk og kva som skal reknast som elv; viss ein vel å differensiera byggjegrensa ut i frå om det er tale om elv eller bekk, ber vi om at forskjellen klargjerast.

Det er heller ikkje for kantsona gjort ei konkret vurdering av kva breidda bør vere i ulike områder. Vi vurderer at ei generell føresegn om ei minimums kantvegetasjonsbreidde på 10 meter kan vere for smalt i einskilte høve. Vi gir **fagleg råd** ein vurderer å sette denne til minimum 15 meter på kvar side av vassdraget langs Otra og Byglandsfjorden.

Endeleg har vi også **faglig råd** om at føreslegne punkt b. i føresegn § 2.6.1 takast ut, da vi meiner dette punktet kan føre til at det blir gitt ei opning for tiltak som kan vere uheldig for kantsona og vassdragsinteressene.

### **Justert byggjegrense for Reiårsvatn hyttefelt (jamfør pkt. 18 i tabell med endringar)**

For Reiårsvatn hyttefelt, er det lagt inn byggjegrenser, da det mangla i gjeldande reguleringsplan. Ein har da føreslått å legge byggjegrensa i føremålsgrensa frå gjeldande kommuneplan sin arealdel 2011-2022. Vi syner her til at byggjegrensa einskilde stader kommer svært nær/uti vassdraget – noko



som kan vere uheldig med tanke på omsyn til vassdragsmiljø. Vi gir **fagleg råd** om at ein i staden lar dei generelle byggjegrensene langs vassdrag som står i føresegn 2.6.1 vere gjeldande.

#### Opning for byggjetiltak i LNF-område

Kommunen har føreslått fleire føresegner som opnar for bygningar og «tiltak» i LNF-områda i § 3.4, i punkt b., c. og f. Dette gjeld mellom anna hus og lågstandard hytter. Statsforvaltaren syner til at alt av byggjetiltak er i strid med LNF-føremålet, jamfør pbl. 11-7 5. a, og vi forutset at desse punkta takast ut frå føresegna.

#### Arealinnspel

##### **Trodverk – ta inn tidlegare «planvaska» fritidsbustadområde (jf. pkt. 62 i tabell med endringar)**

Planområde for fritidsbustader på Trodverk som ligger inne i eksisterande kommuneplan (frå 2011) blei føreslått attendeført til LNF da forslag til arealdel var på 1. gongs offentleg ettersyn. Området er nå føreslått lagt inn att i plankartet med føremål fritidsbustad pga. pågåande planprosess.

Statsforvaltaren gav innspel til melding om oppstart av plan for fritidsbustader på Trodverk 20.06.2024. Vi gav da råd om at planarbeidet bør bli liggjande inntil kommuneplanen er vedteke, og peika på at ein bør leggje til rette for fortetting framfor utbygging i nye områder for å avgrensa nedbygginga av natur. Vi syner til dei nye *Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet* (SPR for AM) vedtatt 24.01.2025 som erstattar tidlegare *Statlige planretningslinjer for samordning bolig-, areal-, og transportplanlegging* (SPR for BATP). SPR for AM seier mellom anna at fortettingspotensialet i fritidsbustadområder skal kartleggjast **og** utnyttast før det blir lagt til rette for utviding av eksisterande fritidsbustadområder og utbygging i nye områder (vår utheving). Vi kan ikkje sjå at planarbeidet har vore vurdert opp mot dei nye ovannemnde retningslinjene, noko vi meiner det burde. Vi forventar at kommunen fylgjer dette opp i framtidige liknande saker.

##### **Reiårsfossen camping – endring av arealføremål og krav om ny plan (jf. pkt. 83 i tabell med endringar)**

For Reiårsfossen camping som er regulert i plan frå 2011 er arealføremål føreslått endra, da ein så behov for å omregulere området for å ta omsyn til kjent naturfare. Statsforvalteren saknar at endringa av føremål er gjort greie for og vurdert i konsekvensutgreiinga, særleg med omsyn til at ein har lagt bygge-føremål på areal i vassdraget. Statsforvaltaren ser seg difor nøyd til å ta atterhald om moglege motsegn til området ved utarbeiding av detaljregulering.

Med helsing

Thomas Christian Kiland-Langeland (e.f.)  
fung. seksjonsleder plan  
Seksjon plan

Janne Thygesen  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Agder fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 788 Stoa

Postboks 5091, Majorstuen

4809 ARENDAL

0301 OSLO

Til Bygland kommune.

Hei.

Viser til innspill fra Reiårsvatn velforening til kommuneplanens arealdel, og til oppfølgende telefonsamtale. Vi har vært i kontakt med grunneier av 15/2 og av ny eier av 15/2 og forelagt dem velforeningens innspill. I e-posten under ser dere svar fra ny grunneier av 15/2 og deres synspunkt på foreslått endret formålsgrense som velforeningen har spilt inn i sin høringsuttalelse.

Mvh.

Plangruppa I Reiårsvatn velforening.

---

**From:** Leif Seilskjær <leif.seilskjaer@gmail.com>  
**Sent:** Friday, May 23, 2025 7:41 AM  
**To:** Eirik Martens Svensen <eiriksvensen@hotmail.com>  
**Subject:** Fwd: Ang kommuneplan og Reiårsvatn hyttefelt.

----- Forwarded message -----

**Fra:** Morten Oftedal <[mortenoftedal440@hotmail.com](mailto:mortenoftedal440@hotmail.com)>  
**Date:** fre. 23. mai 2025, 07:36  
**Subject:** Ang kommuneplan og Reiårsvatn hyttefelt.  
**To:** [leif.seilskjaer@gmail.com](mailto:leif.seilskjaer@gmail.com) <[leif.seilskjaer@gmail.com](mailto:leif.seilskjaer@gmail.com)>

Viser til din henvendelse

Jeg er positiv til forslaget om justering av formålsgrensen for hytteområdet, logisk og rettferdig avgrensning som ivaretar både eksisterende hytter og hensynet til grøntbelte langs vannet. Uttrykker imidlertid bekymring for at den foreslåtte faste BYA på 150 m<sup>2</sup>, uavhengig av tomtens størrelse, kan utfordre feltets karakter og hindre god arealforvaltning. En BYA på **10% av tomtens areal, med et tak på 150 m<sup>2</sup>**, er en mer hensiktsmessig og balansert løsning for skånsom utvikling. Under en slik forutsetning av utnyttingsgrad, støtter jeg velforeningens forslag om justering av formålsgrensen.

Mvh Morten Oftedal

(Ny) grunneier 15/2

You don't often get email from mas@harris.no. [Learn why this is important](#)

Hei

Viser til møte om merknad til kommuneplanen sin arealdel den 22. mai.

Vedlagt ligg konkrete innspel til planforslaget, på vegne av Reiårsfossen velforeining.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

The logo for Harris Advokatfirma AS, featuring the word "Harris" in a stylized, handwritten-style script.

**Marianne Aadland Sandvik | Senioradvokat**

911 17 651 | [mas@harris.no](mailto:mas@harris.no)

Harris Advokatfirma AS, Vestre Strømkaien 13, 5008 Bergen  
[55 30 27 00](tel:55302700) | [harris.no](http://harris.no) | [Facebook](#) | [LinkedIn](#)

Om e-posten er motteken ved ein feil, slett han og underrett avsendar.

## **INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL**

### **1. Konsekvensane av planforslaget til kommuneplanen sin arealdel for Reguleringsplan for Reiårsfossen camp**

I forslag til kommuneplanen sin arealdel (KPA) som har vore ute på høyring og offentleg ettersyn er det i føresegna § 1.2 lagt inn ein tabell som viser reguleringsplaner som blir oppheva ved vedtak av KPA. Reguleringsplan for Reiårsfossen camp står ikkje oppført i tabellen. Utgangspunktet er dermed at reguleringsplanen ikkje blir oppheva med vedtaking av KPA, og at den dermed blir vidareført.

I § 2.1 er det tatt inn eit generelt plankrav, som inneber at nye byggetiltak må inngå i detaljplan før dei kan få byggeløyve. I utgangspunktet gjeld ikkje denne føresegna for Reiårsfossen camp, då området allereie er regulert. Men, arealet er på arealplankartet til KPA satt av til KBA04 (kombinert bygge- og anleggsformål) i KPA og etter § 3.1.9 gjeld det eit plankrav for alle nye typar tiltak.

Konsekvensen av dette er at reguleringsplan for Reiårsfossen camp blir tilsidesatt ved vedtaking av KPA, tilsvarende som dei reguleringsplanane som er nemnd i tabell under § 1.2. Ved vedtaking av KPA slik den var på 2. gangs høyring, er det ikkje mulig å bygge ut innanfor område KBA04 utan at det

- a) Blir utarbeida og vedteke ny detaljplan.
- b) Blir søkt om, og gitt, dispensasjon frå plankravet, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

På vegne av Reiårsfossen velforeining har vi innspel til konkrete endringar om å vidareføre reguleringsplanen, men supplere den med plankartet og føresegna til KPA.

### **2. Innspel til konkrete endringar**

Basert på møte den 22.05.2025 har vi følgjande innspel til kommuneplanen sin arealdel:

- § 1.3 – Reguleringsplan for Reiårsfossen camp utgår frå tabellen og vert ført vidare i plankartet til kommuneplanen sin arealdel (KPA).
- Byggegrense mot fjorden bør leggest inn i plankartet til KPA, tilsvarende slik som beskrive i reguleringsplanen § 1.1 bokstav c). Dette fordi juridisk byggegrense mot fjorden ikkje ligg i reguleringsplankartet i dag. Utan byggegrense i plankartet til KPA vil § 2.6.1 gjelde (byggegrenser langs vassdrag).
- Byggehøgde er sikra i § 2.9.3. Vurdere å ta ut konkret høgde, og heller vise til gjeldande flaumrapportar. Dette fordi flaumrapportar og anbefalt høgde kan endrast med tida.
- § 3.1.9 – plankrav utgå for Reiårsfossen camp. Men ha inn føresegn som stiller krav til terrengutforming tilpassa tilgrensande tomter. Gjennomføring føreset at nabo samtykker til slik plassering 0 meter frå nabogrensa (jf. pbl § 29-4), så kommunen kan uansett ikkje godkjenne planering i grensa viss nabosamtykke ikkje ligg føre. Til dømes kan ei føresegn sjå slik ut:
  - Innanfor reguleringsplanen Reiårsfossen camp skal terrengutforming tilpasse seg nabotomten. Det er opna for terrengutfylling på inntil 0 meter frå nabogrensa så lenge nabosamtykke er dokumentert.

## **INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL**

### **1. Konsekvensane av planforslaget til kommuneplanen sin arealdel for Reguleringsplan for Reiårsfossen camp**

I forslag til kommuneplanen sin arealdel (KPA) som har vore ute på høyring og offentleg ettersyn er det i føresegna § 1.2 lagt inn ein tabell som viser reguleringsplaner som blir oppheva ved vedtak av KPA. Reguleringsplan for Reiårsfossen camp står ikkje oppført i tabellen. Utgangspunktet er dermed at reguleringsplanen ikkje blir oppheva med vedtaking av KPA, og at den dermed blir vidareført.

I § 2.1 er det tatt inn eit generelt plankrav, som inneber at nye byggetiltak må inngå i detaljplan før dei kan få byggeløyve. I utgangspunktet gjeld ikkje denne føresegna for Reiårsfossen camp, då området allereie er regulert. Men, arealet er på arealplankartet til KPA satt av til KBA04 (kombinert bygge- og anleggsformål) i KPA og etter § 3.1.9 gjeld det eit plankrav for alle nye typar tiltak.

Konsekvensen av dette er at reguleringsplan for Reiårsfossen camp blir tilsidesatt ved vedtaking av KPA, tilsvarande som dei reguleringsplanane som er nemnd i tabell under § 1.2. Ved vedtaking av KPA slik den var på 2. gangs høyring, er det ikkje mulig å bygge ut innanfor område KBA04 utan at det

- a) Blir utarbeida og vedteke ny detaljplan.
- b) Blir søkt om, og gitt, dispensasjon frå plankravet, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

På vegne av Reiårsfossen velforeining har vi innspel til konkrete endringar om å vidareføre reguleringsplanen, men supplere den med plankartet og føresegna til KPA.

### **2. Innspel til konkrete endringar**

Basert på møte den 22.05.2025 har vi følgjande innspel til kommuneplanen sin arealdel:

- § 1.3 – Reguleringsplan for Reiårsfossen camp utgår frå tabellen og vert ført vidare i plankartet til kommuneplanen sin arealdel (KPA).
- Byggegrense mot fjorden bør leggst inn i plankartet til KPA, tilsvarande slik som beskrive i reguleringsplanen § 1.1 bokstav c). Dette fordi juridisk byggegrense mot fjorden ikkje ligg i reguleringsplankartet i dag. Utan byggegrense i plankartet til KPA vil § 2.6.1 gjelde (byggegrenser langs vassdrag).
- Byggehøgd er sikra i § 2.9.3. Vurdere å ta ut konkret høgd, og heller vise til gjeldande flaumrapportar. Dette fordi flaumrapporter og anbefalt høgd kan endrast med tida.
- § 3.1.9 – plankrav utgå for Reiårsfossen camp. Men ha inn føresegn som stiller krav til terrengutforming tilpassa tilgrensande tomter. Gjennomføring føreset at nabo samtykker til slik plassering 0 meter frå nabogrensa (jf. pbl § 29-4), så kommunen kan uansett ikkje godkjenne planering i grensa viss nabosamtykke ikkje ligg føre. Til dømes kan ei føresegn sjå slik ut:
  - Innanfor reguleringsplanen Reiårsfossen camp skal terrengutforming tilpasse seg nabotomten. Det er opna for terrengutfylling på inntil 0 meter frå nabogrensa så lenge nabosamtykke er dokumentert.